



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Eva Katrine Taule, 55 57 22 26

Vår dato
22.05.2009
Dykkar dato
26.02.2009

Vår referanse
2009/3165 421.0
Dykkar referanse

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Uttale til høring - Forskrift om kart, stedfestet informasjon, kommunalt planregister og arealformål

Vi viser til høringsbrev datert 26.02.2009.

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje merknader til sjølve forskrifta, men vil komme med konkrete merknader til SOSI-kodene i vedlegga.

Vedlegg 1. SOSI-koder til arealformål og underformål for kommuneplanens arealdel og reguleringsplan.

Våre merknader gjeld nr. 6- Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone. Generelt meiner vi at delinga i underføremål her, er for overordna. Det er trong for å vise meir konkret på plankartet til arealdelen av kommuneplanen. Regulering av sjøområde er lite nytta, her er det hovudsakleg kommuneplanen sin arealdel som er planverktøyet. Vi meiner at kodene som er viste for reguleringsplan-nivå, burde kunne nyttast i kommuneplanen.

Av Lovkommentar til plandelen av ny plan- og bygningslov går det fram at uthus/naust som ikkje er direkte knytt til fiske vil inngå i dette føremålet. I Hordaland er bygging av naust ei stor utfordring i arealforvaltninga. For å få til ei god styring av dette i samsvar med den nasjonale strandsonepolitikken, treng vi å vise område for naust i arealdelen til kommuneplanen. Vi ynskjer difor kode (6750) for naust/uthus for kommuneplan.

Småbåthamner er eit alternativ til bygging av naust. Småbåthamnene bør avsettast i kommuneplanen med krav om reguleringsplan. Vi meiner det er naudsynt å skilja småbåthamn frå annan ferdsle i kommuneplanen og at det er trong for eigen kode på dette nivået. Planlegginga vert for grovmaska når område berre kan visast som ferdsel (6100).

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
Fung. fylkesmiljøvernssjef

Eva Katrine R. Taule
Plankoordinator